



SPORSTØL ARKITEKTER AS
Postboks 301
6067 ULSTEINVIK

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Hareid kommune gnr41 bnr1110 Detaljregulering Syverplassen barnehage Til uttale - oppstart

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og bygesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Vi har mottatt varsel om oppstart av detaljreguleringsplan for Syverplassen barnehage. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for parkering for tilsette nord for kommunal veg, betre trafikkforholda kring barnehagen samt regulere leikeareal og friområde kring barnehagen.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Planfagleg

Planområdet omfattar eit område som i kommuneplanen er sett av til friområde. Regulering til friområde brukast ofte for å sikre ålmenta tilgang til attraktive areal nær tettbygde område. Dei rikspolitiske retningslinene for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga, punkt 5. d, seier at det ved omdisponering av areal som i planar er sett av til fellesareal eller friområde som er i bruk eller eigna for leik, skal det skaffast fullverdig erstatning. Vi oppfattar at omsøkte areal i realiteten er ein del av barnehagen, og at eksisterande plan såleis ikkje er i samsvar med faktisk bruk av området. Vi rår difor til at kommunen gjer ei vurdering av om reguleringsplanen vil medføre at det går tapt verdiar for ålmenta sin tilgang til friluftsliv. Dersom det er tilfelle, skal det skaffast fullverdig erstatning, jf. retningslinjene ovanfor. Manglande erstatning kan gi grunnlag for motsegn.

Natur- og miljøvern

I planinitiativet er det opplyst om funn av ein framand art langs vegen nord for barnehagen. Vi ber om at det under anleggsarbeidet eller anna verksemrd i planområdet visast aktsemd for å unngå mogeleg skade på artar, naturtypar og økosystem, jf. Lov om forvaltning av naturens mangfold. Det skal ikkje førast inn eller spreia framande, skadelege artar (jf. Fremmedartslista 2018 frå Artsdatabanken) ved opparbeiding av vegen og byggeområda og ved handtering av masser.

Vassdrag

Planområdet ligg i nærleiken av Hareidselva, som er eit anadromt vassdrag med den trua arten elvemusling. Vi ser at avstanden frå parkeringsplassen til vassdraget er så stor at den truleg ikkje vil påverke vassdraget. Det må ikkje gjerast inngrep i kantsona til elva. Dersom kantsone skal fjernast, trengs eit løye etter vassforkrsifta §11 og skal søkjast til Statsforvaltaren. Vi minner også om at dersom tiltaket påverkar fisk og organismar i ferskvatn sitt høve til å reproduksjon, skal det søkjast etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Det må gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for planområdet, jf. plan- og bygningslova § 4-3. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike forhold som følge av planlagt utbygging. DSB har utarbeidd ein rettleiar «[Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging](#)». Denne tilrår mellom anna at kommunen stiller kvalitetskrav til ROS-analysen.

Vi ser at tiltakshavar har nytta Statsforvaltaren si sjekkliste som eit hjelpeinstrument til ei ROS analyse, som ligg ved varsel om oppstart av planarbeid. Det kjem fram i ROS-skjema at området ligg inne i aktsemrdsområde for snøskred, at området ligg under marin grense og at det ligg i aktsemrdsområde for flaum. I vedlagte skjema kjem dert frem at det er fleire risikoelement som må avklarast nærmere. Det er òg referert til ulike rapportar og geofaglege vurderingar som skal dokumentere trygg byggegrunn. Desse rapportane ligg ikkje ved oppstartsvarselet. Rapportane må ligge ved reguleringsplanen, og avdekte risikoelement må utdjupast i risiko- og sårbarheitsanalysen som følgjer med når reguleringsplanen vert sendt på offentleg høyring.

Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone, jf. plan- og bygningslova § 12-6. Ved siste plannivå er det ikkje mogleg å skyve nærmere avklaring av reell fare til byggesak. Kravet til ROS-analyse i pbl. § 4-3 vil då ikkje vere oppfylt.

Vi gjer merksam på «[Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing](#)».

Denne seier mellom anna at ved planlegging av nye område for utbygging, fortetting eller transformasjon, skal det vurderast korleis omsynet til eit klima i endring kan sikrast. «[Klimaprofil Møre og Romsdal](#)» gjev eit kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing i fylket.

Det er viktig at ROS-analysen inkluderer ei vurdering av kva effektar klimaendringar vil gje, om planområdet er utsett for klimaendringar, og vurdere konsekvensane klimaendring vil ha for planområdet og planlagde tiltak. Det bør leggjast vekt på gode heilsakplege løysingar og varetaking av økosystem. Varetaking av arealbruk med verdi for klimatilpassing kan òg medverke til auka kvalitet i uteområde. Planar skal ta omsyn til behovet for opne vassvegar, overordna blågrøne strukturar og forsvarleg overvasshandtering. Det skal grunngjevast dersom naturbaserte løysingar ikkje veljast. Miljødirektoratet har laga ein rettleiar til [korleis planar kan ta omsyn til klimaendringar](#).

Barn og unge

Planarbeidet må ikke medføre at barn i området misser tilgang til leikeområde i nærleiken.

Konklusjon

Vi viser til våre merknader, og ber om at desse følgjast opp i planarbeidet.

Med helsing

Frida Farstad Brevik (e.f.)
plansamordnar

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Stine Sætre, 71258485

Kopi til:

Hareid kommune	Rådhusplassen 5	6060	HAREID
Møre og Romsdal fylkeskommune	Postboks 2500	6404	Molde
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER



Sporstøl Arkitekter As
Postboks 301
6067 Ulsteinvik

Dykker ref:	Dykker dato: 23.05.2024	Vår ref: 24/14717 - 24/73307	Vår saksbehandlar: Synnøve Valle - 712 80 239	Dato: 27.06.2024
----------------	-------------------------------	---------------------------------	--	---------------------

Hareid kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Syverplassen barnehage - fråsegn til oppstart

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av regionalt planforum. Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

INNLEIING

Saka gjeld oppstart av regulering for Syverplassen barnehage. Målet med reguleringa er å legge til rette for parkering for tilsette nord for kommunale veg og å regulere leikeareal og friområde omkring barnehagen.

MERKNADER TIL OPPSTARTSVARSELET

Planfaglege merknader

I 2013 tok barnehagen i bruk regulert friområde til uteareal og gjerda inne området. Dette arealet vart aldri omregulert. Det er positivt at ein ønskjer å rydde opp i dette.

Vi uttalte oss om søknaden om dispensasjon 11.12.23 som gjaldt å nytte delar av friområdet til tilbygg og etablering av parkeringsplass.

I uttalen vår hadde vi ingen avgjерande merknader til at det vart gjeve dispensasjon, men vi føresette at kommunen sette i gang eit reguleringsplanarbeid for området. Vi bad om at parkeringsplassen på nordsida av kommunevegen vert avgrensa så mykje som råd for å minimalisere inngrep og slik at ein ikkje kjem i konflikt med kantonene for Hareidselva.

Generelt er det uheldig å omdisponere areal som er sett av til leik eller friområde utan at vert skaffa ei fullverdig erstatning, jf Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging, punkt 5d.

INNSPEL TIL PLANARBEIDET

Automatisk freda kulturminne

Ikkje langt ifrå plan område er det gjort funn av ein flintdolk, noko som kan bety at det har vore busetting på staden i bronsealder. Vi har ikkje andre funn på denne sida av Hareidsdalen som viser til slik aktivitet, og det er derfor svært interessant om det skulle vise seg å vere spor etter forhistorisk aktivitet her. Før vi eventuelt stiller krav om arkeologisk registrering vil vi gjere ei synfaring på staden. So snart synfaringa er gjort vil vi gi tilbakemelding om det er naudsynt med arkeologisk registrering.

KONKLUSJON

- Vi rår til at ein gjennom reguleringsarbeidet har eit ekstra fokus på å finne eigna leikeområde for barn i området og at desse vert sikra i plankart og føresegner, og gitt funksjons- og rekkefølgjekrav.
- Vi minner om det er viktig å minimalisere inngrep med tanke på kantonene for Hareidselva.
- Vi ønskjer å gjere ei arkeologisk synfaring på staden.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Synnøve Valle
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:

Hareid kommune
Statens vegvesen
Statsforvaltaren i Møre og
Romsdal

Fagsaksbehandlar:

Automatisk freda kulturminne: arkeolog Arve Nytun, tlf. 71 28 03 25



Statens vegvesen

SPORSTØL ARKITEKTER AS
Postboks 301

6067 ULSTEINVIK

Behandlende enhet: Saksbehandler/telefon: Vår referanse: Deres referanse: Vår dato:
Transport og samfunn Vidar Neraas / 71274773 24/141339-2 2101 10.06.2024

Uttale til varsel om detaljregulering – Syverplassen barnehage – PlanID 20240001 – Hareid kommune

Vi viser til brev av 23.05.2024.

Saken gjelder

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for parkering, utbedre den trafikale situasjonen, leke areal og friområde rundt barnehagen.

Statens vegvesens rolle i planleggingen

Statens vegvesen har ansvar for at føringer i Nasjonal transportplan (NTP), Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, vognormalene og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringer blir ivaretatt i planleggingen.

Vi skal bidra til å følge opp FNs bærekraftsmål rettet mot transportsektoren gjennom oppfølgingen av NTP-målene, hvor hovedmålet er et effektivt, miljøvennlig og trygt transportsystem i 2050. Under er det fem likestilte delmål;

- Mer for pengene
- Effektiv bruk av ny teknologi
- Bidra til oppfyllelse av Norges klima- og miljømål
- Nullvisjon for drepte og hardt skadde
- Enklere reisehverdag og økt konkurranseevne for næringslivet.

Vi uttaler oss som forvalter av riksveg på vegne av staten, og som statlig fagmyndighet med sektoransvar innenfor vegtransport. Vårt sektoransvar for vegnettet betyr at vi har et overordnet ansvar for at trafikksikkerhet, framkommelighet, universell utforming, klima og miljøhensyn, samt at helhetlig bypolitikk ivaretas i alle planforslag som berører samferdsel.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset. Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Gjennom vårt sektoransvar skal vi bidra til samarbeid mellom aktuelle myndigheter, næringsliv og innbyggerne med mål om en bærekraftig utvikling.

Vår vurdering

Vi ser positivt på at det rettes fokus på parkering og trafikksikkerhet. Man må så langt som det er mulig forsøke å finne løsninger der harde og mjuke trafikanter separeres, og der de krysser må dette være tydelige punkt.

Det må også rettes et fokus mot universell utforming. Vi anbefaler derfor at våre normalkrav legges til grunn for planlegging av internt veganlegg og parkering.

Overnevnte er ikke uttømmende. Vi vil kunne komme med ytterligere innspill og merknader når vi mottar forslaget til offentlig ettersyn.

Transportforvaltning midt

Med hilsen

Linda Heimen
seksjonssjef

Vidar Neraas
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Kopi

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE



Sporstøl Arkitekter AS
Postboks 301
6067 ULSTEINVIK

Vår dato: 17.06.2024

Vår ref.: 202409900-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Sakshandsamar: Ole-Jakob Sande,
22959545, ojs@nve.no

NVE sitt innspel til varsel om oppstart av detaljregulering for Syverplassen barnehage i Hareid kommune

Vi viser til brev datert 23.05.2024. Saka gjeld varsel om oppstart av arbeid med detaljregulering av Syverplassen barnehage i Hareid kommune. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for parkering for tilsette nord for kommunal veg, betre den trafikale situasjonen kring barnehagen, samt å regulere leikeareal og friområde kring barnehagen i tråd med krav.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader fra overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE sine innspel

Grunnforhold

Planområdet ligg under marin grense og NGUs lausmassekart viser marine avsetningar. I avsetningar med marin leire kan det være kvikkleire eller sprøbrotmateriale som kan føre til skred, jf. aktsemdkart for kvikkleireskred i [NVE Atlas](#).

Fare for områdeskred av kvikkleire må avklarast i planarbeidet. NVE rår til at prosedyren i NVE rettleiar [1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred](#) kap. 3.2 vert nytta så langt som naudsynt for å avklare om skredfaren er reell. Vi viser også til NVE sin [Kartbasert veileder for reguleringsplan](#) som gir rettleiing for gjennomgang av fare for kvikkleireskred.

De skriv i dokumenta som ligg ved varsel om planstart at fare for områdeskred er avklara. Det er viktig at all dokumentasjon ligg ved når planen kjem til offentleg ettersyn.



Skred i bratt terreng

Planområdet ligg i aktsemdområde for snøskred, jf. [NVE Atlas](#). I planarbeidet må de ta stilling til om tidlegare vurderinger dokumenterer tilstrekkeleg tryggleik for skred i bratt terreng i planområdet og tiltaka som planen skal legge til rette for. NVE viser til rettleiar for [kartlegging av skredfare i bratt terreng](#) som er eit godt hjelpemiddel for kommunar og tiltakshavarar som skal bestille farevurderingar. Rettleiaren gir råd om krav til innhald i rapportane og kva krav til [kompetanse](#) som bør leggast til grunn og dokumenterast. NVE oppmodar kommunen om å setje krav om at rettleiaren vert brukt.

Eventuelle fareområde må regulerast med omsynssone skredfare H310 med tilhøyrande føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik i samsvar med krava i TEK17 § 7-3 før utbygging. Dersom det er trøng for sikringstiltak eller restriksjonar på arealbruk for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik rår vi til at det aktuelle området vert teke inn i planen.

De skriv i dokumenta som ligg ved varsel om planstart at det er gjennomført skredfarevurdering for planområdet. Det er viktig at all dokumentasjon ligg ved når planen kjem til offentleg ettersyn.

Flaum, erosjon og overvatn

Nærleik til vassdrag tilseier at fare for flaum og erosjon må vere eit tema i arbeidet med Risiko- og sårbaranalysen (ROS). Aktsemdkartet for flaumfare, jf. [NVE Atlas](#) viser potensiale for flaum med ein maksimal vasstandsstigning på 5,62 m som kan ha verknad for arealbruken i delar av planområdet. Dersom tiltak vert planlagt med mindre høgde over vasstand må den reelle faren for flaum må avklarast med vurdering av fagkyndig. Generelt gjeld at areal som vert overfløymd ved 200 års flaum skal regulerast med omsynssone flaumfare H320 og ha føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik før utbygging kan finne stad. Vi viser til NVE rettleiar [3/2022 Sikkerhet mot flom](#) som gir råd for vurdering av flaumfare.

Fare for flaum bør sjåast i samanheng med overvasshandteringa i planområdet. Meir utbygging i nedbørfeltet gir større del tette flater. Dette kan føre til større avrenningsfart og større mengder vatn på terrencoverflata (overvatn). Ein slik auke kan i verste fall føre til flaum i byggeområda og i vassdraga. Det er viktig å vere merksam på at ny utbygging også kan vere til hinder for avrenning ovanifrå, som igjen kan føre til skader på bygningar og/eller leie overvatnet til stader som ikkje er ynskjeleg.

NVE rår til å bruke tretrinnsstrategien som verktøy for å handtere nedbør og overvatn, i hovudsak på overflata. Eit viktig prinsipp er å sikre ei så «naturleg» overvasshandtering som mogeleg. Opne løysingar er betre enn lukka løysingar. De må også avklare og ta omsyn til klimaendringane sin verknad på avrenninga.

De bør kartlegge eksisterande avrenningslinjer i og ved planområdet. Dersom det er nødvendig med konkrete krav om infiltrasjon og dryging av overvatn innanfor



planområdet fordi nedstrøms kapasitet er for dårleg, rår vi til at tiltaka vert innarbeidd i plankartet og føresegnene. Framtidige flaumvegar for trygg avleiring av overvatn bør visast i plankartet og sikrast tilstrekkeleg kapasitet.

Vi viser til [NVE 4/2022 Rettleiar for handtering av overvatn i arealplanar](#) som gir råd for overvasshandtering i arbeid med reguleringsplanar. NVE har også publisert rettleiar [2/2023 Kartlegging av fare for overvann](#) som kan være til nytte i arbeidet.

Generelt om dokumentasjon på utgreiing av naturfare

NVE ynskjer å få ein betre oversikt på område som er kartlagt for fare, og har oppretta ei løysing for [innmelding](#) av rapportar på nettsida vår. Vi oppmodar kommunar om å sende rapportar og farekart for skredfare i bratt terren, flaumfare og fare for kvikkleireskred. Informasjonen som NVE får inn vil bli brukt til å oppdatere NVE sine kart med aktsemd- og fareområde.

Vi ber også kommunane om å sende inn geotekniske rapportar til [NADAG](#) (nasjonal database for grunnundersøkelser).

Generelle råd

For å få eit fullstendig oversyn over korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen rår vi dykk til å nytte våre [internettssider for arealplanlegging](#). Der er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå. Vi vil særleg vise til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#). Rettleiaren leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet.

NVE si oppfølging av planarbeidet

Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. [Det er viktig at alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde er vedlagt](#). Vi ber om at alle plandokument blir sendt elektronisk til NVE.

NVE prioritærer å gi innspel og uttale til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.

Med helsing



Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Ole-Jakob Sande
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:
Sporstøl Arkitekter AS

Kopimottakarar:
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Møre og Romsdal fylkeskommune
HAREID KOMMUNE

Sporstøl Arkitekter

Deres ref:
Vår ref: 2024/117750
Dato: 06.06.2024
Org.nr: 985 399 077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler

Mattilsynet

VARSEL OM OPPSTART AV DETALJREGULERING FOR SYVERPLASSEN BARNEHAGE - HAREID KOMMUNE - PLAN ID 2024001

Viser til deres brev datert 23. mai 2024 med deres Plan ID 20240001 /2101, der dere ønsker eventuelle innspill til varsel om detaljregulering - Syverplassen barnehage.

Mattilsynet sitt ansvar og medvirkning

Mattilsynet er et statlig, landsdekkende forvaltingsorgan som mellom annet ivaretar forhold rundt drikkevann, men også innen planter, dyr, fisk og næringsmidler.

Vurdering

Vi har vurdert saken ut ifra hensyn til drikkevann, akvakultur, fiskehelse, fiskevelferd, dyrehelse, dyrevelferd, plantehelse og næringsmidler.

Konklusjon

Vi kjenner ikke til forhold som vil ha innvirkning på våre forvaltningsområder i dette området, og har derfor ingen merknader til saken.

Med hilsen

Per Hallgeir Mørkeseth
saksbehandler

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.
Dokumenter som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*



Landbrukskontor for Herøy – Ulstein – Hareid

Sporstøl arkitekter

Vår referanse
24/1263 24/8246

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Anne Kathrine Løberg

Dato
24.06.2024

Uttale til detaljregulering av Syverplassen barnehage - 1517 Hareid

Del av område som vert regulert er sett av til friluftsføremål i kommuneplanen. Da våre saksfelt er jordbruk, skogbruk og viltforvalting ligg ikkje uttale som gjeld regulering av område til friluftsføremål innafor våre saksfelt. Vi har difor ingen merknad til reguleringa.

Vi gjer dykk merksame på at «Søre Sunnmøre Landbrukskontor» er lagt ned. Samarbeidet om felles landbrukskontor vert no kalla «Landbrukskontoret for Herøy – Ulstein – Hareid». Vi ber om at det heretter vert nytta rett namn.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg
avdelingsleiar landbruk

Dokumenter er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Fra: [Ottar-Arne Hareide](#)
Til: [Silje Skaro](#)
Emne: Detaljregulering av Syverplassen barnehage
Dato: søndag 30. juni 2024 22:36:42

Eg er eigar av gard nr 41/10 som grenser ned mot elva.

Der er tenkt regulert inn ein gangveg på nedsida av hovedveien mot elva langs heile eigedomen min.

Eg meiner at dette ikkje burde vere nødvendig då der eg godt gangareal på oppsida av vegen mot barnehagen og at det er det naturlige . Parkering for biler langs heile vegen på oppsida burde vere fjerna og så laga til gangveg der.

Eg er mot at gangvegen vert på nedsida av hovedvegen mot elva og eg ønsker at dere ser nærmere på dette.

--

Helsing

Ottar Arne Hareide

Telef 99457788

Rasmusmarka 34

6060 Hareid

oa.hareide@gmail.com

Uttalelse fra FAGERVOLL KNUT ASLE

I henhold til plan- og bygningsloven § 12-8 er det varlset om oppstart av reguleringsplanarbeid.

I forbindelse med varslingen har FAGERVOLL KNUT ASLE, levert en uttalelse.

Uttalelsen gjelder for:

PlanID: 20240001

Plannavn: Detaljregulering Syverplassen barnehage

Kommune: Hareid

Uttalesefrist: 01.07.2024

Uttalelse

Kommentar

Under føresetnad om at noverande tilkomst til Plassane 11 (gnr. 41 bnr. 123/627/1179) via den kommunale vegen aust for barnehagen vert ivaretatt og sikra nødvendig areal, har eg ingen innvendingar til planforslaget

Kommentar mulig konflikt

Kontaktinformasjon for FAGERVOLL KNUT ASLE:

Telefon:

Epost:

Adresse:

Postnummer og sted: 6060, HAREID

Vedlegg til uttalelsen finnes i altinnmeldingen

Uttalelsen er levert gjennom altinn.no

Fra: [Eldar Elvebu](#)
Til: [Silje Skaro](#)
Emne: Re: Varsel om oppstart av detaljregulering - Syverplassen barnehage - Hareid
Dato: tirsdag 18. juni 2024 16:50:25

Angjeldende sak er mottatt.

Min avdøde bror Kolbjørn Elvebu's barn, Roger, Bente, Kirsti og Ragnhild Elvebu bor alle på Hareid. Eventuelle innspill er/vil bli gitt av dem.

Mvh
Eldar Elvebu

Sendt fra min iPhone

18. juni 2024 kl. 09:51 skrev Silje Skaro <silje@sporstol.no>:

Hei!

Viser til samtale nå nylig. Siden vi fikk retur på brev til deg sender vi varselet på e-post som avtalt.

Øvrige plandokument finner du her (under Syverplassen barnehage):

<https://www.sporstol.no/aktuelt/>

Med vennlig helsing

Silje Skaro

Arkitekt

Tlf: 986 02 227

silje@sporstol.no

www.sporstol.no

<image001.jpg>

<Eldar J. Elvebu.pdf>
<Syverplassen barnehage - varslingsbrev.pdf>